

Tabell C-fk

Saker med særskild fordeling. Fylkeskommunane

Følgjande enkeltsaker ligg i tabell C i 2014:

Kol.	Sak	Departement	Beløp i 1 000 kr
<i>Forvaltningsreforma samferdselsområdet</i>			
1	Drift og vedlikehald	SD	2 870 803
2	Investeringar	SD	1 841 620
3	Styrking frie inntekter	SD	1 129 329
4	Nye fylkesvegferjer	SD	1 513 977
5	Kompensasjon NOx-avgift nye fylkesvegferjer	SD	28 763
<i>Andre saker med særskild fordeling</i>			
6	Kompensasjon NOx-avgift "gamle" fylkesvegferjer	SD	26 089
7	Omklassifisering av riksvegferjesamband	SD	46 906
8	Skule- og studentrabatt	SD	126 486
9	Kompensasjon CO2-avgift	SD	42 000
10	Opprusting og fornying av fylkesvegnettet	SD	500 000
11	Fagskular	KD	396 026
12	Tilskot til barnevern, Oslo	BLD	498 479
13	Sum		9 020 478

Forvaltningsreforma

Forvaltningsreforma blei sett i verk frå 1. januar 2010. Ei nærare omtale av det økonomiske opplegget for forvaltningsreforma er gitt i Prop. 1 (2009–2010) for Samferdselsdepartementet og i Prop. 1 (2009–2010) for Kommunal- og regionaldepartementet.

Kolonne 1– Forvaltningsreforma: Drift og vedlikehald

Det er samla lagt inn 2,9 mrd. kroner til drift og vedlikehald av vegane som blei overført i samband med forvaltningsreforma. Som varsla i kommuneproposisjonen 2014 er fordelinga av midlane oppdaterte med dei nyaste tala frå MOTIV-modellen, som er Statens vegvesen sin modell for berekning av behov for midlar til drift og vedlikehald av vegnettet.

Kolonne 2 – Forvaltningsreforma: Investeringar

Det er samla lagt inn 1,8 mrd. kroner til investeringar på vegnettet som blei overført i samband med forvaltningsreforma. Investeringsmidlane og styrkinga av frie inntekter med 1 mrd. kroner i 2010 (forvaltningsreforma) har blitt fordelt på grunnlag av vegstandard, veglengd, innbyggjartal og bindingar knytt til investeringsprosjekt som var satt i gang då ansvaret for store delar av dei øvrige riksvegane blei overført fylkeskommunane. I tillegg er om lag 200 mill. kroner av ramma til investeringar fordelt skjønsmessig. Bindingane på investeringsprosjekta er stort sett borte, og regjeringa gjer framlegg om å fordele midlane i 2014 etter veglengda på dei vegane som vart overførte i samband med forvaltningsreforma vekta med 50 pst. og innbyggjartal vekta med 50 pst.

Kolonne 3 – Forvaltningsreforma: Vidareføring og styrking av frie inntekter

Dei frie inntektene til fylkeskommunane blei styrka med 1 mrd. kroner (i 2010-kroner) i samband med forvaltningsreforma, og vidareført i 2011, 2012 og 2013. Beløpet for 2014 er prisjustert og fordelt etter nytt fordelingsprinsipp med veglengda på dei vegane som vart overførte i samband med forvaltningsreforma vekta med 50 pst. og innbyggjartal vekta med 50 pst, sjå omtale kolonne 2.

Kolonne 4 – Forvaltningsreforma: Nye fylkesvegferjer

Det er samla lagt inn 1,5 mrd. kroner til nye fylkesvegferjer i samband med forvaltningsreforma. Midlane er fordelt mellom fylkeskommunane som i 2013, og prisjustert.

Kolonne 5 – Forvaltningsreforma: NO_x nye fylkesvegferjer

Fylkeskommunane blir kompensert for meirutgifter for avgift på utslepp av NO_x frå lokale båtruter og fylkesvegferjer. Midlane er fordelt som i 2013, og prisjustert.

Kolonne 6 – Avgift på utslepp av NO_x ”gamle” fylkesvegferjer

Fylkeskommunane blir kompensert for meirutgifter for avgift på utslepp av NO_x frå lokale båtruter og fylkesvegferjer. Midlane er fordelt som i 2013, og prisjustert.

Kolonne 7 – Omklassifisering av riksvegferjesamband

Samlekolonne for ferjesamband som er blitt omklassifisert til fylkeskommunalt samband. Riksvegferjesambandet Volda-Folkestad i Møre og Romsdal vart omklassifisert til fylkesvegferjesamband i 2013. Venta tilskotsbehov i sambandet er 28,8 mill. kroner, og rammetilskotet til fylkeskommunane blir auka med tilsvarende sum frå 2014. Midlane vert gjeve særskild fordeling. Ferjesambandet Svolve-Skrova i Nordland blei omklassifisert i 2009. Beløp frå 2013 er prisjustert.

Kolonne 8 – Skule- og studentrabatt

I budsjettet for 2003 blei midlar til skule- og studentrabatt teke ut av overgangsordninga i inntektssystemet og lagt inn i tabell C-fk med ei særskild fordeling. Midlane til studentrabatt blir fordelt mellom fylkeskommunane som i 2013, og prisjustert.

Kolonne 9 – Auke i CO₂-avgifta

Regjeringa gjer framlegg om å auke CO₂-avgifta på drivstoff frå 230 til 330 kroner per tonn frå 1. januar 2014. Autodiesel er halde utanfor denne auken. Fylkeskommunane vil bli kompensert med 42 mill. kroner over rammetilskotet for dette. Kompensasjonen til fylkeskommunane for auken i CO₂-avgift vert gjeve særskilt fordeling, og ikkje etter fordelingsnøkkelen for fylkeskommunane. Sjå Prop. 1 LS (2013-2014) frå Finansdepartementet for nærare omtale.

Kolonne 10 – Styrking av rammetilskotet som kan nyttast til å ruste opp fylkesvegnettet

I framlegg til Nasjonal transportplan 2014-2023 vart det gjort framlegg om å styrkja rammetilskotet til fylkeskommunane, slik at fylkeskommunane kan fornya og rusta opp fylkesvegnettet. Ramma for 10-års perioden er 10 mrd. kroner. I budsjettframlegget for 2014 er det sett av 500 mill. kroner til formålet. Midlane blir tilrådd fordelte fylkeskommunane imellom ut frå kartlagd forfall i den enkelte fylkeskommune. Forfall er ikkje kartlagd for Oslo. Midlar til Oslo er fordelte som midlar for Akershus.

Kolonne 11 – Fagskular

I samband med forvaltningsreforma blei drifts- og finansieringsansvaret for fagskulane overført frå Kunnskapsdepartementet til fylkeskommunane i 2010, og tilskotet blei innlemma i inntektssystemet. For 2010 til 2013 blei det gjort ei særskild fordeling av tilskotet utanfor utgiftsutjamninga på bakgrunn av talet på registrerte fagskulestudentar. Det er i statsbudsjettet for 2014 gjort framlegg om at tilskotet òg i 2014 blir fordelt særskild basert på rapporterte studenttal. Grunnlagstala vil bli oppdaterte, slik at for dei fylkeskommunalt finansierte fagskuleutdanningane er det talet på registrerte fagskulestudentar hausten 2012 som vert lagt til grunn for fordelinga av midlar i 2014.

Kolonne 12 – Barnevernstilskot Oslo

Den delen av det tidlegare hovudstadstilskotet på kap. 572, post 65 som er grunngjeve i Oslo sitt ansvar for den delen av barnevernet som blei gjort statleg i 2004, er flytta til post 60 Innbyggjartilskot og gjeve ei særskild fordeling. Midlane er fordelt som i 2013 og prisjustert.

Kolonne 13 – Sum saker med særskild fordeling

Sum av kolonne 1–12. Summen er nytta i tabell 2-fk, kolonne 3.